

Avgjerd i april om snøggbåtstopp i Uskedalen

12.03.2008

Det blir ikkje bestemt før i april om snøggbåten skal gå innom Uskedalen eller Herøysund, melder Kvinnheringen.

Fleirtalet i formannskapet bad om vurdering av ein slik stopp på vegen til/frå Rosendal-Os-Flesland-Bergen.

Det har og kome forslag om å droppa Os på morgonruta frå Rosendal då det mest ikkje er pasasjerar. Endeleg ligg det også føre eit forslag om ein ekstra kveldstur til Bergen.

Saka kjem opp i samferdsleutvalet 16. april og endeleg avgjerd blir teke i fylkesutvalet 23. april.

Det er tvilsamt om eventuelle rute-endringar kjem med i det nye ruteheftet som gjeld frå 1. mai. Men 1. mai er ikkje nokon absolutt dato for denne ruta då den er langt mindre avhengig av korrespondansar enn til dømes rutene til Tide. Uansett visse endringar blir det likevel same avgangstider frå Rosendal.